

Samarbeidavtale etter kommuneloven sin § 28e om forvaltning av utviklingsfondet for Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde.

Avtalen gjeld forvaltning og administrasjon av fondet på 10 mill kroner som er bevilga til verdiskapande utviklingsarbeid i Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde.

Deltakarar

Det er semje om at det blir oppretta eit vertskommune-samarbeid for administrasjon og styring av fondet. Følgande kommunar deltek Jølster, Førde, Naustdal og Gloppen.

Gloppen kommune er vertskommune for samarbeidet.

Styring av fondet

Fondet blir styrt av ei felles folkevald nemnd, med representasjon frå grunneigarane i kommunane. Nemnda blir oppnemnd av kommunestyra og konsituerer seg sjølv, sjå kommuneloven sin § 28 c.

Nemnda skal ha 9 medlemmer, 3 medlemmer frå Gloppen, 2 medlemmer frå kvar av dei øvrige kommunane. Grunneigarane skal til saman ha 4 medlemmer i nemnda, ein frå kvar av kommunane. Grunneigarane sine medlemmer blir vald av kommunestyret etter framlegg frå grunneigarane sjølve. Det blir oppnemnd 1 personleg varamedlem for kvart medlem.

Nemnda blir oppnemnd for kommunestyreperioden. Første oppnemning gjeld for 2011 og påfølgande kommunestyreperiode.

Leiarvervet skal gå på omgang mellom medlemmane for 2 år av gongen.

Oppgåver til vertskommunen

Som vertskommune skal Gloppen administrere fondet i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande vedtektene for fondet. Oppgåver vil mellom anna vere: utarbeide driftsbudsjett, plassering av fondet, søknadsbehandling, utviklingsarbeid, rekneskapsføring, revisjon og rapportering.

Gloppen kommune sitt finansreglement blir lagt til grunn for plassering av fondet.

Tidspunkt for ikrafttredelse av avtalen

Avtalen trer i kraft 01.04. 2011

Rutiner for melding til deltakarane om vedtak gjort av nemnda

Nemnda skal rapportere frå arbeidet sitt 1 gong pr år til samarbeidskommunane. Revisorgodkjent rekneskap skal sendast kommunane, saman med rapporten.

Økonomisk oppgjer mellom samarbeidskommunane og vertskommunen

Ugifter til drift av fondet, blir dekt av avkastning frå fondet. Vertskommunen sine reglar for godtgjering av politisk arbeid blir lagt til grunn for utbetaling av godtgjering til nemnda sine medlemmer.

Nemnda skal godkjenne det årlege driftsbudsjettet.

Reglar for uttreiding og avvikling av samarbeidet

Samarbeidet opphøyrer når alle kommunane er samde om det. Fondet blir då splitta opp og delt mellom kommunane etter ei prorata-fordeling basert på kommunen sitt areal i verneområde.

Ønske om å avvikle samarbeidet må meldast til vertskommunen innan 01.juli.

Samarbeidet skal då vere avvikla innan utgangen av året, viss alle kommunane er samde om det.

Ein av kommunane kan trekkje seg frå samarbeidet og få utbetalt sin prorata-del av fondet. Ein kommune som ønsker å trekke seg ut av samarbeidet må melde dette innan 01.juli, slik at endring kan bli gjennomført frå påfølgande år.

Endringar i samarbeidavtalen

Samarbeidsavtalen kan endrast når kommunestyret i kvar av dei samarbeidande kommunene har godkjent endring. Det er berre kommunestyra sjølv som kan endre avtalen, ref kommuneloven sin § 28 e